

**Om spelemidler på neste møte**

01.11.2013

**Neste møte i Uskedal Utvikling er i Gamleskolen onsdag klokka 19 og tema er anleggsutvikling og spelemidler. Linda Øen som er kulturkonsulent på Kulturkontoret innleier og tar for seg korleis ein kan utvikla eit variert tilbod for ulike aldersgrupper.**

Dette er eit viktig tema der Uskedalen treng å koma i posisjon. Her er det nok å visa til Valen med Valeparken, Rosendal med idretts- og fritidsparken, Fjelbergparken og Husnes med idrettssenteret og andre.

Difor går innkallinga til møtet særleg til idrettslaget, styret for Aktivitetshuset, skulen og barnehagen, FAU, velforeningane i bustadfelta med tanke på ballbingar og leikeplassar, turlag og turguppar, friluftslaget og grunn- og elveeigarlaget.